




INFORMASJON FRÅ LANDBRUKSKONTORET

5/17

Desember 2017



Landbrukskontoret for Sel og Vågå
Edvard Storms veg 2
2680 VÅGÅ, postmottak@vaga.kommune.no



Tlf. 61 29 36 00

SØKNADSFRISTER

Produksjonstilskot (PT)

Frå og med 2018 blir det 2 registreringsomgangar:

- Del 1 - 1. mars
- Del 2 – 1. oktober
- Samordna utbetaling i februar 2019.

Hugs registrering av faktiske avløyсарutgifter innan 10. januar!



FJELLANDBRUK ER FRAMTID INVITERER TIL:

GRØNSAKSMØTE

- På Tessand Grendahus, onsdag den 10. januar kl. 19.00

Tema for møtet er moglegheiter og erfaringar med dyrking av grønsaker i Nord-Gudbrandsdal.

Innleiarar på møtet er:

Ole Morten Nyberg , Produktkonsulent potet og grønsaker i NORGRO.

Ole Morten Nyberg har tidlegare vore tilsett i Norsk Landbruksrådgivning Innlandet, der han i mange år har jobba som rådgjevar mot potet- og grønsakdyrkarar. Ole Morten er kjent som ein svært dyktig rådgjevar.

Thea Grobstok Dalen.

Thea driv firmaet «Rå saker» på Norgard Råstad i Vågå (www.rasaker.no). Her vert det dyrka eit mangfald av økologiske grønsaker, som i hovudsak blir servert lokalt.

Eivind Øvrelid.

Eivind Øvrelid har i mange år drive med mjølkeproduksjon og økologisk grønsaksproduksjon på garden Søre Hosar i Skjåk.

Eivind Øvrelid er kjent for å vere en særdeles kunnskapsrik, kvalitetsbevisst og kreativ produsent!

Det blir servering på møtet!

Velkomne!



LANDBRUKSFOND I SEL OG VÅGÅ

No er baa landbruksfonda tilført ekstra midlar. Vi vil i løpet av dei næraste månadane forsøke å kome ajour med søknadane.

FØREMÅL MED TILSKOTSORDNINGA:

1. Styrke og oppretthalde eksisterande produksjonar i jordbruket
2. Motivere ungdom til å satse på eit yrke i landbruket
3. Sikre busettinga i Sel
4. Auke aktiviteten i skogbruket

2. VIRKEOMRÅDE:

Retningslinene gjelder for tiltak på landbrukseigedommar i Sel/Vågå kommune.

3. TILSKOT KAN GJEVAST TIL:

- 3.1 Jordbrukstiltak: Vassvegar/damanlegg/vatningsanlegg, nydyrking og grøfting, støtte til mindre investeringar til utbetring/ombygging av driftsbygningar som ikkje får støtte hjå Innovasjon Norge .
- 3.2 Skogbrukstiltak: Ungskogpleie, nyanlegg/ombygging av skogsvegar, drift i bratt terreng.

Litt generelt blir det gjeve 30 % tilskott av kostnadar, maks kr. 30 000 pr. prosjekt. Detaljert regelverk for ordninga skal ligge på

heimesidene til Sel og Vågå.



RYDDING AV TREVEGETASJON NÆRT VASSDRAG

Med moderne maskinar er det enkelt å få rydda store område relativt raskt. Det er viktig å vera klar over at vegetasjon nært vassdrag er regulert i Vassressursloven § 11 (kant-vegetasjon): *«Langs bredden av vassdrag med årssikker vannføring skal det opprettholdes et begrenset naturlig vegetasjonsbelte som motvirker avrenning og gir levested for planter og dyr. Denne regelen gjelder likevel ikke for byggverk som står i nødvendig sammenheng med vassdraget, eller hvor det trengs åpning for å sikre tilgang til vassdraget.*

Grunneieren, tiltakshavere og berørte fagmyndigheter, kan kreve at kommunen fastsetter bredden på beltet. Bredden kan også fastsettes i rettslig bindende planer etter plan- og bygningsloven.»

Både Vågå og Sel kommunar har fastsett minimumsbreidda på kantsone i kommuneplanens arealdel, som er ein rettsleg bindande plan.

I kommuneplanens arealdel i Vågå gjeld følgjande:

«§13.1 kantsone langs vassdrag: « Langs breidda av vassdrag med årssikker vassføring, skal det haldast oppe eit naturleg vegetasjons-belte på 10 meter som motverkar avrenning og som fungerer som levestad for planter og dyr, jf. vassressurslova § 11».

I Sel gjeld følgjande: *«Langs bredden av vassdrag med årssikker vannføring, skal det opprettholdes et naturlig vegetasjonsbelte på 8 meter som avgrensar forurensing og gir levested for planter og dyr (jf.pbl § 11-11 nr. 5 og vannressursloven § 11). Dersom mindre inngrep blir nødvendige, skal de gjøres mest mulig skånsomt og området skal mest mulig føres tilbake til opprinnelig tilstand.*

På generell basis kan ein si at hogst av kantvegetasjon er ok så lenge det ikkje blir hogd snaut. Mindre rydding (fiskeplasser o.a.) er også ok. Omfattende rydding av kantvegetasjon langs vassdrag krev løyve jf. kommuneplan / vassressursloven.



SJUKDOMSAVLØYSING

Minner om at det er moglegheit for å søke om tilskott til avløyising ved sjukdom og fødsel mv. Tal søknader har halvert seg i år og Landbrukskontoret vil opplyse om at det er midlar til rådighet for dette formålet. Landbrukskontoret og avløyislaget kan vere behjelpeleg med utfylling av søknaden. **HUGS:** at ein må levere innen 3 mnd. frå siste dag ein er sjukmeldt. Det går an å søke i fleire omgangar viss ein er langtidssjukemeldt.



FJELLANDBRUK ER FRAMTID (Fase II)

- STØTTE TIL RÅDGJEVING

Ein bolk i satsinga er støtte til gardbrukarar som får fagleg rådgjeving. Vi vidarefører ordninga frå Fase I i prosjektet.

I satsinga er det lagt opp til at det skal løyvast støtte direkte til gardbrukarar som treng/får rådgjeving i tråd med målsettinga for satsinga; auka matproduksjon, nye produkt, marknader osv. Det er avsett kr. 200 000,- til rådgjeving.

- Det kan gjevast støtte til rådgjeving frå den tradisjonelle rådgjevingstenesta som bl.a. TINE, Nortura og NLR.
- Rådgjeving i samband med oppstart av ein produksjon
- Forprosjekt omlegging frå ein produksjon til ein annan

- Utarbeiding av Ørt/driftsplan i samband med endring/utviding av produksjon
- Utarbeiding av bygningsteikningar i samband endringar/utviding av produksjon

Døme: Mjølkeproduksjon til ammeku
Mjølk til sau
Oppstart/omlegging/utviding av tilleggsnæring

Det blir gjeve støtte på maks. 50 % av kostnadane, maks. kr. 5000

Ta kontakt med landbrukskontoret om du har spørsmål



ANDELSLANDBRUK

Andelslandbruk er eit langsiktig samarbeid mellom forbrukarar og dei som produserer mat og andre landbruksprodukt.

1. Dialog om landbruksdrifta
2. Gjennomsiktig økonomi
3. Delt avling, delt risiko
4. Involvering av andelshaverne
5. Berekraftig landbruksdrift

Aktuelt for deg? For meir informasjon, sjekk lenka

<http://www.andelslandbruk.no/>



Retningsliner for bruk av IBU-midlar i Innlandet 2018

Innovasjon Norge Innlandet har utarbeidd felles retningsliner for bruk av IBU-midlar (tidl. BU-midlar) for Hedmark og Oppland.

Tradisjonelt landbruk:

Prioritering av saker:

1a: Grovfôrbaserte husdyrproduksjonar. Herunder også gjødsellager og driftsbygning til aktiv setring.

1b: All økologisk produksjon

P.g.a. marknadssituasjonen for sau, må prosjekt som prioriterast ligge i område der sauenæringa er viktig, samtidig som tiltaket er av vesentleg næringsmessig betydning for søkjer. Ressursgrunnlaget vert tillagt vekt. Økologisk produksjon og unge brukarar vert prioritert.

2: Planteproduksjon for sal. Herunder vert potet, grønsak, frukt- og bærproduksjon prioritert foran tørkeanlegg for kornproduksjon.

3: Kraftfôrkrevjande produksjonar.

P.g.a. utfasing av buregg frå 2019, kan omlegging til produksjonsanlegg for eggproduksjon med frittgåande høner prioriterast. Kylling og svinproduksjon vert ikkje prioritert.

Utmåling av tilskott:

Satsane nedanfor er maksimalsatsar. På grunn av stor etterspurnad etter tilskott, vert det praktisert utstrakt avkorting.

- Maksimalt tilskott er 35% av godkjent kostnadsoverslag
- For bønder under 35 år, kan tilskott utmåles opp til 50% av kostnadsoverslag
- Maksimalt 2.000.000 kr i tilskott.

***Landbrukskontoret ønskjer alle ei
God Jul og eit Godt Nytt år!***



~~Landbrukskontoret for Sel og Vågå
Edvard Stormsveg 2
2680 VÅGÅ~~

Tilsette på kontoret:

Per-Ivar Weydahl, tlf 61 29 36 71/920 41 410,
e-post:

Kjersti Reksen, tlf. 61 29 36 77/909 40 529,
e-post: kjersti.reksen@vaga.kommune.no

Bjørn Tore Karlstad, tlf. 61 29 36 73/957 96 218,
e-post: bjorn-tore.karlstad@vaga.kommune.no

Kjell Hølmo, tlf. 61 29 36 79/970 11743,
e-post: kjell.holmo@vaga.kommune.no

Jan Teigen, tlf. 61 29 36 78/ 994 51 073
e-post: jan.teigen@vaga.kommune.no

Per Ekre, tlf. 61 29 36 74/958 26 661,
e-post: per.ekre@vaga.kommune.no

Iris Dalseg, tlf. 61 29 36 49,
e-post: iris.dalseg@vaga.kommune.no

Ola Løkken (Mjøsen), tlf. 971 94 015, e-post: ol@mjosen.no

Landbruksvikarar, tingast på 61 29 36 03/61 29 36 00:
Ola Lusæter og Ivar Ulsand